



## Statens vegvesen

BYGLAND KOMMUNE  
Sentrum 18

4745 BYGLAND

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Glenn Solberg / 37019823

Vår referanse:  
20/40079-8

Dykkar referanse:  
2020/273-186

Vår dato:  
12.09.2023

### Kommuneplanen sin arealdel 2023–2035 – Offentleg høyring og ettersyn – Bygland kommune

Vi syner til oversending frå kommunen med brev datert den 7. juli 2023.

**Saka gjeld** høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel, plan-ID 202201, med plankart med tilhøyrande temakart, planføresegner, planomtale og konsekvensutgreiing med risiko- og sårbarheitsanalyse.

Kommunen skriv at den siste revideringa av kommuneplanen sin arealdel var i 2011. Det er difor behov for ei omfattande endring av arealdelen, slik at arealdelen blir eit forutsigbart styringsdokument som bidrar til å vidareutvikle Bygland kommune på ein berekraftig måte i et langsiktig perspektiv.

Følgjande hovudtema har vore med i arbeidet med revidering av arealdelen:

- Gjennomgang av områder for revisjon og oppdatering av desse
- Inkludere nye føremålsområder og omsynssoner
- Utarbeide sti- og løypeplan
- Kartlegge tiltak for å avhjelpe flaumsituasjonen i Åraksfjorden

Det er fleire fritidsbustadområda i kommuneplanen som ikkje er realiserte. Desse er tatt ut av planen på bakgrunn av det ikkje er ønska utvikling med store fritidsbustadområde i heia og at det er store tomtereservar i gjeldande planar. Det er gjennomført ein eigen prosess for oppheving av reguleringsplanar (inkl. disposisjonsplanar) vedtatt etter pbl frå 1965. Dette gjeld 21 planar og desse vil bli oppheva ved vedtak av kommuneplanen sin arealdel.

Strandsoneplanen er implementert i kommuneplanen og vil bli oppheva ved vedtak av kommuneplanen sin arealdel.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Langsævn 4  
4846 ARENDAL

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

Det kom inn mange innspel til endring av arealbruken, både frå eksterne og faglege frå administrasjonen. Det er gjennomført konsekvensutgreiing for nye område til utbyggingsformål eller vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde.

Agder fylkeskommune har laga ei digital løysing som syner arealrekneskap for gjeldande og ny arealdel.

Dei nye næringsområda i planen ligg nærme rv. 9 og relativt nærme sentruma. Områda skal styrke eksisterande næringsmiljø og legge til rette for vekst. Handels- og tenestetilbod skal bli tilpassa det enkelte området sin senterstatus. Bygland og Byglandsfjord skal vere kommunen sine handelssentrum og innbyggjarane sitt førsteval som tilbyder av daglegvarer og tenester. Ose kan bli vidareutvikla med tilbod for å dekke lokale behov. I planen er det lagt til rette for auka utnytting av mineralressursane både med utviding av eksisterande masseuttak og etablering av nye.

Planen gjev rom for nye bustadområde både i sentruma og i bygdelaga slik at desse er med på å skape levande bumiljø med aldersvariasjon.

#### **Statens vegvesen sine innspel til planen**

Riksveg 9 er ein viktig transportåre gjennom kommunen. Det er viktig å ta vare på vegen slik at nye arealbruk ikkje reduserer framcomelegheit og trafikktryggleiken på vegen. Det er fleire strekkingar, kurvar og kryss på rv. 9 som er utbetra dei siste åra, og dette arbeidet vil fortsette. Det er starta prosess med ny trase for rv. 9 gjennom Frøysnes, og gjeldande kommunedelplan for Frøysnes er difor ikkje innarbeidd i planen.

I ny arealdel er det foreslått sju større og eit mindre nytt utbyggingsområde. Desse må ha tilkomst frå offentleg vegnett, noko som naturleg inngår i framtidige detaljreguleringsplanar.

For utbyggingsområde langs rv. 9, er det ein føresetnad at trafikktryggleiken blir tatt vare på. Det er ikkje ønskeleg å auke talet på avkøyringar, då det statistisk sett skjer ulykker i kryss og avkøyrslar. Ein må difor sjå på om ein kan redusere talet på avkøyrslar langs riksvegen, noko som kan innebere eit større planområde for å sjå heilskapen. Vi nemner allereie no at dersom ein framtidig detaljreguleringsplan ikkje tar omsyn til trafikktryggleiken på rv. 9, vil det vere grunnlag for motsegn.

Fleire av dei nye områda ligg tett på riksvegen, og med ei byggjegrænse på 50 meter vil det vere med på å redusere areal som kan byggjast på.

Det er lagt inn fleire område for råstoffutvinning. Nokon av desse ligg langs riksveg 9. I framtidig detaljregulering vil tilkomst og naudsynt byggjegrænse frå vegen vere viktige tema.

Sikker skuleveg for alle bustadområde er viktig. Det er lagt inn krav til rekkefølge for eit område: «B07: G/s-veg fram til eksisterande g/s-veg skal vere etablert før utbygging.» For

andre meir spreidde område vil transport med buss vere aktuelt. Då må ein ha fokus å på sikre løysningar til og frå haldeplassane.

Vi vel å gi meir utdjupande merknader til områda NÆ04 og 06:Framlegg til ny næringsverksemd ligg på austsida av eksisterande verksemd på Nesmoen. Ved ei slik etablering vil det bli næring på både sider av riksvegen. Dette gir utfordring med omsyn til trafikktryggleiken då ein får aktivitet på tvers av veggen og mogleg fleire kryss/tilkomstar. I tillegg ligg desse områda nær Bygland sentrum og innanfor gang- og sykkel fråstand. Det manglar gang- og sykkelveg på delar av strekninga, og det vil vere naturleg å ha med eit slik krav til rekkefølge i føresegna. For å hindre innsyn og distraksjon for trafikantane på riksvegen er det naudsynt å oppretthalde ein byggjegrense på 50 meter som ein buffer mot veggen.

Ut over dette har vi ikkje fleire vesentlege merknader til planen.

Med helsing

Erling B. Jonassen  
seksjonsleiar

Glenn Solberg

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*